



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

## Slamtømming i Stord

2022

I vekene 1–17, 2022, vil det bli tømt septiktankar i Stord kommune. Tømminga gjeld heilårshus og hytter. Klungveit AS gjer jobben på oppdrag frå Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM).

### 2022 (heilårshus og hytter)

Framdriftsplan og køyrerute. Atterhald om problem m/snø og glatte vegar. Framdriftsplanen er ikkje eksakt, avvik kan forekomma. Alle får varsel på SMS når bilen er i ditt område. Tømerunden vil ta til på Mehammar og følgja dette ruteoppsettet:

Veke	Køyrerute–(føl opplista hovudveg m/sidevegar)
1–3	Mehammar–Jektevik–Huglo–Førlandskryss
3–9	Førlandskryss–Fjellgardane–Haugland–kryss E39 v/Ådland
9–12	Førlandskryss–Rommetveit–Leirvik sentrum–Vabakken–Heiane–Digernes–Skjersholmane
12–15	Kryss E39 på Heiane–Sagvåg–Litlabø–kryss E39 v/Lønning
15–17	Sagvåg–grense Fitjar kommune

I samband med tømming vert slamtanken kontrollert for tekniske manglar/feil. Det vert også sett etter synlege forureiningsproblem med utslepp/sandfiltergrøfter m.m.

Alle får varsel på sms eller brev i posten før tømming. Det er eiga rute for tankar som lyt tømmast med traktor.

### Kast ikkje...


våtserviettar, filler, bind, wc-blokker, olje eller feitt i toalettet. Slikt avfall løyser seg ikkje opp og kan føra til at røyra mellom hus og slamtank går tette.




Hjelp oss med å koma fram ved å klyppa vekk atgrodd vegetasjon som greiner og buskas




## Prinsippet i ein slamtank med tre kammer



Slamtanken bør vera så stor at avløpsvatnet brukar fleire døgn på gjenomløpet, men minst 9-10 timar. Dermed får tunge partiklar tid til å søkkja til botnen. Vanleg tankvolum er 4 m<sup>3</sup> (3 + 0,5 + 0,5).



Etter kvart som slammet hopar seg opp på botnen av tanken, vert det mindre plass til nytt avløpsvatn. Vatnet får dermed kortare tid i tanken. Som følgje av dette vert færre partiklar avsette i tanken og meir slam ført mot utløpet. Resultatet er at utløpsvatnet vert meir ureint.



Når tanken er full, er reinseeffekten lik null og tanken må tømmast.

# Slik føregår slamtømminga

Innhaldet i slamtanken vert søge opp i slambilen. Der vert tørrstoffet skilt ut, og vatnet ført tilbake til slamtanken. Etter denne prosessen er det normalt at det vert liggjande eit slør av slam over vatnet. Oppsamlinga skal føregå med minst mogeleg støy, lukt o.l. Evt. søl frå tømminga skal fjernast av renovatør.

**!** Obs! Tanken er full etter tømming, men då berre av vatn.

Slammet frå slamtanken er mini-malt nedbrote. Det vert køyrt til SIM sitt hovudanlegg i Svartasmåget for kompostering i rankar. Slamkomposten vert brukt på SIM sine anlegg.

### Kontroll av anlegget

I samband med tømming vil slamtanken bli inspisert visuelt. Dersom det vert oppdaga feil, vil kunden bli varsla av SIM eller kommunen.

### Dei mest vanlege feila er:

- tanken har dårleg lok
- «dykk» manglar
- tanken har tett utløp
- tanken lek
- utløpet lek
- tett filtergrøft



## Dette ynskjer me at kunden gjer før tømming:

- Grav fram loket dersom det ikkje ligg ope i dagen, og fjern evt. snø og is, men ikkje ta av loket.
- Merk loket med gards- og bruksnummer
- Marker evt. tanken med ein pinne eller liknande, slik at renovatøren finn fram.
- Sørg for at anlegget er lett tilgjengeleg og at det ikkje er etablert hindringar som gjer det vanskeleg å tømme.

# Viktig å vita om slamtanken

**Du er sjølv ansvarleg for eige privat anlegg, og for å fylgja krav til reinsing.**

Det er viktig å tømme slamtanken ofte nok, slik at avløpsvatnet ikkje får renna over og skapa ureining. Etter forskriftene skal slamtankar for hus tømmast minimum annakvart år, og minimum fjerdekvart år for hytter. I praksis kan intervallet variera med opptil fire månader på kvar side.

## Dette skjer i tanken

Avløpsvatnet renn sakte gjennom slamtanken. Dermed får tunge partiklar tid til å søkkja til botnen, medan lette partiklar og feitt flyt til overflata. For å auka denne effekten, og motverka støytvis medrivning av slam mot utløpet når t.d oppvaskmaskin, vaskemaskin,

du sj og do er i bruk samstundes, er kummen delt i fleire kammer med gjennomløp i ulik høgd.

## Miljøfordelar

Slamtanken samlar opp partiklar i avløpsvatnet slik at dei ikkje får komma ut i bekker og vatn, eller får tetta infiltrasjonsgrøfta dersom ein har ei slik.

Ved regelmessig tømning av slamtanken

kan ein oppnå følgjande reinseeffekt:

- Organiske stoff 20–30 %
- Fosfor 5–10 %
- Nitrogen ca. 5 %

Dei som har infiltrasjonsgrøft i tillegg til tanken vil oppnå endå betre reinseeffekt.

## Om kundens ansvar, rettar og plikter

Fullstendig informasjon om rettar og plikter i samband med slamtømminga finst i forskriftene, som kan lastast ned frå SIM sin nettstad; [www.sim.as](http://www.sim.as).

Her nemner me at renovatøren har rett til å plassera naudsynt utstyr på eigedommen for å få gjennomført tømninga. Etter tømning skal renovatøren leggja lok attende på slamtanken, lukka portar og gjera bruk av sikringsordningar som er etablerte.

**Viktig:** Abonnementen er ansvarleg for å sikra lok i samsvar med krava i brønnlova. Han skal merka slamtanken med *merkelapp påført gards- og bruksnummer, grava fram lok* som ikkje ligg i dagen og fjerna evt. snø og is i god tid før tømning.

## Om varsling

Kunden skal bli varsla om tømning i god tid, slik at han kan gjera nødvendige førebuingar.

## Om skade på privat eigedom

Dersom renovatøren skulle påføra private vegar, gjerde, hekkar og liknande skade under slamtømminga, pliktar han å setja dette i stand for eiga rekning. Dette gjeld ikkje dersom vegeigar, bruksrettsinnehavar eller vegstyre har påteke seg dette ansvaret. Ved skade må huseigar melda frå så snart som råd (sjå kontaktinformasjon på baksida av bladet).

## Naudtømming

Ekstratømming utanom ordinær rute kan tingast hjå SIM. Slik tømning vert fakturert for seg. Gjeldande pris for naudtømming går fram av SIM sin nettstad [www.sim.as](http://www.sim.as). SIM garanterer at tanken skal vera tømt seinast 24 timar etter at naudtømming er bestilt.

## Spyling av tette røyr

Det er råd å tinga spyling av tette røyr. Les meir om dette på side 4.



Renovatørane Odd Gunnar Hustveit og Morten Klungtveit er blant dei som tømmer slamtankar for SIM.

# Problem med slamanlegget

## 1 Slamtank er full

Ta av loket og sjekk om det er mykje fast slam/masse på toppen. Kontakt i så fall firmaet som tømmer slam for SIM (sjå kontaktinformasjon nede på denne sida).

## 2 Røyra mellom huset og tanken er tette

Dette kan løysast ved å spyla gjennom røyra. Firmaet som tømmer slam for SIM kan gjera denne jobben. Tette røyra kan skuldast at det ikkje er rett fall på røyra, mykje papir, manglande dykk, eller at det ikkje er bend på innløpsrøyret som fører ned i tanken.

For dei som har infiltrasjonsgrøft er det viktig at slamtanken

vert tømt regelmessig.

Grøfta kan gå tett dersom det går mykje partiklar ut av tanken. Dermed får ikkje spillvatn frå slamtanken komma ut. Dersom nivået i slamtanken står høgare enn utløpsrøyret, kan det tyda på at utløpsrøyret er tett.

## 3 Kloakklukt i huset

Etterfyll vasslåsane i vaskar og slukar. Vasslåsane kan tørka ut på grunn av varmekablar eller lite bruk. Dersom du fyller t.d. matolje i slukane vil olja leggja seg som ei hinne over vatnet og forseinka fordampinga frå vasslåsen.


## 4 Kloakklukt utomhus

Kontroller om det er montert lufting av kloakken i huset. Lufting av kloakk går normalt over tak. Ved spesielle vèrtilhøve kan lufting over tak føra til vond kloakklukt sjølv om luftinga fungerer. Dersom det er tilfelle, kan ein ta av røyret i luftehatten og montera ein spesialventil. Ein slik ventil tilfører nødvendig luft ved tapping og liknande og hindrar luktutslepp. Kontakt røyrløggjar for nærare informasjon.

## 5 Ekstratenester

Tenester utover ordinèr tømning er ikkje ein del av abonnementet. Desse lyt ein betale ekstra for.

Returadresse:  
SIM  
Meatjønnsvegen 43  
N-5412 Stord



## OPNINGSTIDER\* MILJØSENTRALANE

\*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

### BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 11.00-18.00

Tysdag og torsdag kl. 09.00-16.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

### FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00-18.00

### KVINNHHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag, onsdag og torsdag kl. 12.00-18.00.

Tysdag kl. 09.00-14.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

### STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag-torsdag kl. 09.00-18.00

Fredag kl. 09.00-15.00

Laurdag kl. 09.00-14.00

### SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

### TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

## Kontaktinformasjon for slamtømminga:

Svein Klungtveit AS:

Kontor og tømmebil: 52 79 29 70/ 982 35 146

Vakttelefon: 982 35 151



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43  
N-5412 Stord  
Telefon: 53 45 78 50

E-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)  
Nettstad: [www.sim.as](http://www.sim.as)

SIM